

## Informasjon om særskilt tilrettelegging av eksamen

(<https://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/sarskilt-tilrettelegging-av-eksamen/>)

I samsvar med Forskrift til opplæringslova § 9-34 og § 15-23§, har elevar rett til særskilt tilrettelegging av eksamen dersom dei treng det for å få vist kompetansen sin ut frå kompetansemåla i faget. Årsaker til tilretteleggingsbehov kan t.d. vere allergi eller funksjonsnedsetting.

Det skal ikkje bli gitt meir tilrettelegging enn det eleven har behov for. Det er eit mål at eksamensgjennomføringa ligg så tett opptil ei normal gjennomføring som mogleg. Det må vurderast konkret for den enkelte elev kor stort behovet for tilrettelegging er.

Tilrettelegginga må ikkje gi fordelar fremfor andre elevar som ikkje har særskilt tilrettelegging. Det kan heller ikkje tilretteleggjast slik at kandidaten ikkje blir prøvd i kompetansemåla i læreplanen i faget. Det er kommunen/skulen som avgjer kva tiltak som skal innvilgast for den enkelte elev.

Døme på særskilt tilrettelegging under eksamen kan vere:

- lengre tid
- opplesning av oppgåveteksten
- punktskrift på leselist
- bruk av tale-til-tekst-program
- skrivehjelp
- ekstra belysning
- andre liknande tiltak

Føresette sender skriftleg søknad til rektor i god tid og **seinast innan 25.04.2025**. I søknaden må det kome fram kva tilrettelegging det er behov for og kvifor det er nødvendig/på kva måte tilrettelegginga vil utjamne ulempa.

(Hugs: Tilrettelegginga skal utjamne ulemper eleven har i forhold til andre, ikkje gi eleven fordelar. Tilrettelegginga skal vere i tråd med tilrettelegging/hjelpemiddel som er gjort elles i året. Ein diagnose er ikkje ei grunngjeving i seg sjølv, det må kome fram i søknaden kva ulemper det gir for eleven til å få vise sin kompetanse i faget).

Føresette kan ta kontakt med skulen for rettleiing.